

# Detaljregulering for Hjerkinndammen

<b>Oppdragsgivar</b>	Hjerkin fjellstue og fjellridning as
<b>Oppdrag</b>	Detaljreguleringsplan
<b>Rapport type</b>	Planomtale
<b>Prosjektnr.</b>	20235
<b>Dato</b>	01.09.2021

Detaljregulering



## INNHALDSLISTE

<b>1</b>	<b>KORT OM PLANFORSLAGET .....</b>	<b>4</b>
1.1	FORORD .....	4
1.2	AKTØRRAR.....	4
1.3	BAKGRUNN OG FØREMÅL.....	4
1.4	LOKALISERING OG AVGRENSING AV PLANOMRÅDET .....	5
1.5	EIGEDOMSFORHOLD .....	6
<b>2</b>	<b>PLANGRUNNLAG .....</b>	<b>6</b>
2.1	PLANSTATUS OG OVERORDNA FØRINGAR.....	6
<b>3</b>	<b>PLANPROSESSEN .....</b>	<b>7</b>
3.1	OPPSTARTSMØTE OG FØRESETNADER FOR PLANARBEIDET .....	7
3.2	VURDERING ETTER FORSKRIFT OM KONSEKVENSGREIINGAR .....	8
3.3	MEDVERKNAD .....	8
3.4	KONKLUSJON OG SAMLA VURDERING AV INNKOMNE INNSPEL.....	8
3.5	MERKNADER I HØYRINGSFASEN ( <i>LEGGAST INN ETTER OFFENTLEG ETTERSYN</i> ) .....	9
<b>4</b>	<b>PLANOMRÅDET – EKSISTERANDE SITUASJON .....</b>	<b>9</b>
4.1	DAGENS AREALBRUK OG LANDSKAP .....	9
4.2	KULTURMINNE OG KULTURMILJØ.....	10
4.3	NATURVERDIAR OG GRUNNFORHOLD .....	10
4.4	VILLREIN.....	11
4.5	LANDBRUK.....	14
4.6	FRILUFTSLIV .....	15
4.7	TEKNISK INFRASTRUKTUR .....	16
4.8	KULTURMINNE.....	16
<b>5</b>	<b>SKILDRING AV PLANFORSLAGET .....</b>	<b>17</b>
5.1	REGULERINGSFØREMÅL .....	17
5.2	ISBANE.....	18
5.3	STØY .....	19
5.4	NATURVERDIAR, VILTINTERESSER OG ØKOLOGISKE FUNKSJONAR .....	20
5.5	FRILUFTSLIV, REKREASJON OG BARN OG UNGES INTERESSER .....	21
5.6	LANDBRUK.....	22
5.7	TRAFIKKFORHOLD.....	23
5.8	NATURFARER .....	24
5.9	VERKNADER FOR LOKALSAMFUNNET OG LOKALT NÆRINGSLIV .....	24
<b>6</b>	<b>RISIKO OG SÅRBARHEIT .....</b>	<b>25</b>

**Vedlegg 1:** Samla merknader til planforslaget.

**Vedlegg 2:** Risiko- og sårbarheitsanalyse., datert 01.09.21.

**Vedlegg 3:** Støyfagleg utgreiing. Sweco, 2021.

**Vedlegg 4:** Reguleringsføresegner, datert 01.09.21.

**Vedlegg 5:** Plankart, datert 08.10.21

		Prosjektnr: <b>20235</b>	Dato: <b>01.09.2021</b>		
Status /Rev:	Rev. gjeld:	Dato:	Sign.:	Kvalitetssikr.:	
0	Planforslag	01.09.21	idl	øs	
1	Framlegg av planforslag				
2	Revidert framlegg av planforslag				
<b>Kontaktinformasjon:</b> Nordplan AS Pb 224 6771 Nordfjordeid Tlf.: 57 88 55 00 <a href="http://www.nordplan.no">www.nordplan.no</a>		<b>Kundeinformasjon:</b> Hjerkin fjellstue og fjellridning as Kvitdalsvegen 12 2661 Hjerkin Tlf.: 41 42 45 55 <a href="http://www.hjerkin.no">www.hjerkin.no</a>			
Prosjektleder: Iselin Ditlevsen Løkken					
Medarbeiderar: Øyvind Sødal			Sign:		
Kontrollert av: Øyvind Sødal			Sign:		

# 1 Kort om planforslaget

## 1.1 Forord

Nordplan sin planmal er basert på Kommunal- og moderniseringsdepartementet si detaljerte sjekklister for planomtale, og er inndelt i tema i tråd med denne. Planomtalen skal beskrive planens formål, hovudinnhald og verknader, samt planens forhold til rammer og retningslinjer som gjeld for området.

## 1.2 Aktørar

Nordplan har på vegne av Hjerkin fjellstue og fjellridning as utarbeidd ein detaljreguleringsplan for eit område ved Hjerkinndammen i Dovre kommune. Planen legg rammer og føringar for arealbruken innanfor planavgrensinga.

### **Kontaktpersonar:**

Kommunen: Kari Bentsdal, Inge Angård.

Oppdragsgjevar: Martin Hjerkind.

Nordplan AS: Øyvind Sødal, Iselin Ditlevsen Løkken.

Oppdraget er utført i perioda: februar-september 2021.


## 1.3 Bakgrunn og føremål

Føremålet med planarbeidet er å utarbeide ein reguleringsplan for isbane på Hjerkinndammen. Isbana vil ligge i sin heilheit på islagt vatn, med tilkomst via eksisterande veg aust for dammen.


Tiltakshavarar for planarbeidet er drivarane av Hjerkin fjellstue og fjellridning, som ligg like nord for planområdet. Fjellstua har primært drift i sommarhalvåret, i tillegg til at dei driv både med sau og hest. Som eit ledd i å styrke næringsgrunnlaget sitt, ynskjer dei å kunne tilby aktivitetar også vinterstid. Isbana har vore eit viktig bidrag for fjellstua, og eit populært tilbod både for naudetatane i området, bilklubbar, bilforretningar og lokale ungdommar. Isbana har vore drive med dispensasjon frå motorferdslelova dei seinare åra. For å unngå å måtte søke dispensasjon for kvar sesong, har Fjellstua nå fått midlar frå kommunen til å utarbeide ein reguleringsplan for området.

## 1.4 Lokalisering og avgrensing av planområdet

Planområdet ligg på Hjerkin, eit fjellområde om lag 30 km nord for Dombås. Området ligg i tilknytning til Hjerkin fjellstue, med E6 og Dovrebanen mot vest, og fv. 29 mot Follidal i nord/aust. Hjerkinndammen ligg på ca. 894 moh., og er omkransa av høgfjellsterreng og seterlandskap.



Planområdets lokalisering på Hjerkin.



Planavgrensinga synt med svart stipla strek.



## 1.5 Egedomsforhold

Følgande egedommar ligg innanfor planområdet:

1/1: Statskog SF.

1/5: Martin Hjerkind, Anne Stine Hjerkind.


## 2 Plangrunnlag

### 2.1 Planstatus og overordna føringar

#### 2.1.1 Gjeldande plan

Planområdet er ikkje tidlegare regulert, og gjeldande plan for planområdet er derfor kommuneplan for Dovre kommune (2019).

I kommuneplanen er areala i planområdet avsett til LNFR-areal og bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørande strandsone.



Utsnitt frå gjeldande kommuneplan for Dovre kommune. Hjerkinddammen ligg midt i figuren.

#### 2.1.2 Statlege og regionale føringar

- Plan- og bygningslova (2008).
- Naturmangfaldlova (2009).
- Kulturminnelova (1978).
- Lakse- og innlandsfiskelova (1993).
- Vannressursloven (2001).
- Forurensningsloven (1983).
- Friluftslova (1957).
- Lov om helligdager og helligdagsfred (1995).

- Planlegging av fritidsbebyggelse (T-1450).
- Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2016).
- Regional plan for Rondane-Sølnkletten (2013).
- Regional plan for Snøhetta-Knutshø (2017).

#### **2.1.3 Kommunale føringar**

- Kommuneplan for Dovre kommune (2019).
- Helhetlig ROS-analyse for Lesja, Dovre, Sel, Vågå, Lom og Skjåk (2017).

#### **2.1.4 Tilgrensande reguleringsplanar**

- Gautåseter (PlanID: 05110019).
- Hjerkin hytteområde (PlanID: 05110027).
- Hjerkinnhø hyttegrend (PlanID: 05110029).
- Øygarðslie (PlanID: 05110051).
- Fangstminneparken Hjerkin (PlanID: 05110068).
- Hjerkinhus (PlanID: 05110082).

#### **2.1.5 Analysar og utgreiingar som ligg føre ved oppstart**

- Villreinen i Snøhetta- og Knutshøområdet (NINA, 2012).
- Villreinen i Rondane og Sølnkletten (NINA, 2008).
- Villrein og ferdsel i Rondane (NINA, 2015).
- Villreinens arealbruk i Knutshø (2015).

## **3 Planprosessen**

### **3.1 Oppstartsmøte og føresetnader for planarbeidet**

Oppstartsmøte er gjennomført med Dovre kommune 10.02.2021.

Fylgjande tema vart trekt fram som førande for planen:

- Støy frå isbana.
- Konsekvensvurdering av planens påverking på våtmarksområda/dyreliv ved Hjerkinndammen.
- Tilkomst til dammen: avkøyring frå fylkesveg.
- Kulturminne/-miljø med Gamle kongeveg og Pilegrimsleden.
- Medverknad frå naboar, grunneigarar og andre interessentar.

Planområdet som vart varsla ved oppstart av planarbeidet har vore redusert to gongar i løpet av prosessen. Opprinneleg skulle planen regulere ei barmarksløype i terreng kring dammen, i tillegg til isbana og anna tilstøtande areal. Som fylgje av tilbakemelding frå fylkeskommunen etter varsel om oppstart, vart planområdet redusert til å berre gjelde sjølve traséen for barmarksløypa samt dammen og tilkomstvegar. Dette for å unngå å måtte gjennomføre kulturminnesynfaring i heile det varsla planområdet. Grunna høge kostnader knytt til varsla

kulturminnesynfaring, valde tiltakshavar å redusere planområdet ytterlegare ein gong, til berre å gjelde naudsynt areal til isbana med tilkomstveggar og kryss mot fylkesvegen.

### 3.2 Vurdering etter Forskrift om konsekvensutgreiingar

Det er gjort ei vurdering av tiltaka planen ynskjer å opne for i høve til *Forskrift om konsekvensutgreiing* (KU-forskrifta) §§ 6, 7, 8 og 10.

Det er vurdert at tiltak planen opnar for omfattast av forskriftas § 8 (planar og tiltak som skal konsekvensutgreiast dersom dei kan få vesentlege verknader etter § 10, men ikkje ha planprogram). Dette gjeld reguleringsplanar for tiltak i vedlegg II, som skal konsekvensutgreiast dersom dei kan få vesentlege verknader etter § 10. Isbana som planen ynskjer å opne for, fell inn under vedlegg II pkt. 11 a) *permanente konkurranse- og testbaner for bil og motorsykkel*. Vurderinga er basert på om verknaden av planen kan ventast å vere vesentleg for miljø og samfunn, og det skal sjåast til verknadens intensitet og kompleksitet, sannsyn for at dei skjer, varigheit, hyppigheit og moglegheit for å reversere/avgrense omfanget av verknaden. Tiltakshavar har vurdert at planforslaget er ei kjend og vurdert problemstilling i tidlegare dispensasjonssaker etter *Lov om motorferdsle i utmark og på islagte vassdrag*. Planforslaget har potensielle interessekonfliktar, men arealbruksendringa er ikkje av eit slikt omfang av ein kan vente vesentlege verknader for miljø eller samfunn, som utløyser krav om planprogram og konsekvensutgreiing. Tiltaket skal derfor vurderast etter forskriftas § 10.

### 3.3 Medverknad

#### Varsel om oppstart

I medhald av plan- og bygningslova § 12-8 vart oppstart av planarbeidet kunngjort med annonse i Vigga torsdag 25.02.2021, og per e-post eller brev til grunneigarar, naboar samt offentlege instansar. Frist for å kome med innspel/merknader til planarbeidet var sett til torsdag 25.03.2021. Planarbeidet har òg vore annonsert på kommunen og Nordplan sine heimesider.

Liste over varsla partar går fram av varslingsbrev, datert 23.02.2021.

Innan høyringsfristen er det kome totalt 14 innspel, der 6 er frå offentlege instansar og 8 frå naboar og andre interessentar (vedlegg 1).

### 3.4 Konklusjon og samla vurdering av innkomne innspel

Kort samanfatta har ein teke med følgande innspel vidare i planarbeidet:

- Innlandet fylkeskommune ønskjer ei vurdering av utslepp frå køyretøy på isen, som potensielt kan lekke ut i dammen ved snøsmelting. Dei forventar ei brei utgreiing av omsynet til villrein/biologisk mangfald, samt friluftsliv. Fylkeskommunen ønskjer ei kulturminnefagleg synfaring i området, og foreslår å redusere planområdet storleik til å gjelde kun dei områda som råkast av planens tiltak. Dei krev òg at planområdet inkluderer avkøyinga frå fylkesvegen.
- Statsforvaltaren i Innlandet påpeikar at tiltaket planen ynskjer å opne for fell inn under KU-forskriftas vedlegg II pkt. 11 bokstav a. Dei meiner støyutgreiinga bør omtale verknader for friluftsmål i omkringliggende verneområde. Statsforvaltaren er ikkje



kjend med naturmangfaldsverdiar i området som er relevante eller kan bli pressa ved drift av isbane, men minner om utgreiingskrava i naturmangfaldlova. Dei meiner òg at det bør gjerast ei nærare utgreiing av dammen som fugleområde. Statsforvaltaren informerer om at deira vurdering av konfliktpotensiale knytt til villrein avheng av mellom anna bruksomfang, og at dei ynskjer at bruksomfanget blir tydeleggjort i vidare planprosess.

- Hytteeigarar i området ynskjer retningsliner/føresegner som reduserer aktivitet på isbana i helger og ferier, og som set avgrensingar på antal og type køyretøy.

### **3.5 Merknader i høyringsfasen (*leggast inn etter offentlig ettersyn*)**

## **4 Planområdet – eksisterande situasjon**

### **4.1 Dagens arealbruk og landskap**


Planområdet er omkransa av høg fjellsterreng med ris- og lavheier, myrområde og noko lauvskog (hovudsakeleg fjellbjørk). Sør for dammen er landskapet dominert av små haug- og ryggformasjonar beståande av sand og grus, samt myrdekte område. E6 og Dovrebanen ligg rett vest for planområdet, og mot nord ligg fylkesvegen mot Folldal og Østerdalen. Området grensar mot to hyttefelt i nord og vest, i tillegg til at Hjerkin fjellstue ligg rett nord for planavgrensinga.

Det har historisk vore mykje aktivitet på Hjerkin, med både turisme, gruvedrift og militært skytefelt. Hjerkinndammen vart etablert som slamdam på 1960-talet i samband med drifta av Tverrfjellet gruver. Dammen overfløymde eit myrområde, og botnen er truleg dekkja av gruveslam.

Sjølve planområdet består i hovudsak av Hjerkinndammen med anleggsveg, samt tilkomstveg i aust med tilstøtande areal, deler av fylkesveg 29. og tilkomstveg i vest. Hjerkinndammen var i bruk som slamdam fram til gruva vart lagt ned i 1993, og nyttast i dag primært til friluftaktivitetar og som isbane vinterstid.

## 4.2 Kulturminne og kulturmiljø

Planområdet ligg i eit område der det har vore menneskeleg ferdsle og aktivitet i fleire tusen år. Området har mellom anna vore viktig for jakt, særleg på villrein, i tillegg til at Gamle kongeveg og Gamle Follalsveg har vore viktige ferdselsårer. Kongevegen, som ligg vest for planområdet, har vore ein av dei mest nytta fjellovergane i Noreg, og er i dag automatisk freda etter kulturminnelova.



Utsnittet syner registrerte kulturminne og -lokalitetar i området kring Hjerkinndammen (Miljøstatus).

Sørvest for planområdet er det registrert eit fangstanlegg, som strekk seg frå Gautådalen i søraust og fram til E6. Det er registrert i alt 58 fangstgroper i tilknytning til anlegget. Nord for planområdet er det registrert eit busettings-/aktivitetsområde. Angiveleg skal det ha stått ei kyrkje frå mellomalderen på dette området, men denne har ikkje vore påvist. Derimot er det funne kulturlag samt ei hustuft datert til 1100-talet, og ei innhegning med uavklart datering og verneverdi.

## 4.3 Naturverdiar og grunnforhold


Det er eit rikt fugleliv knytt til Hjerkinndammen, med fleire nyare registreringar av både raudlista artar og artar av nasjonal forvaltningsinteresse. Dammen er mellom anna yngleområde for bergand og krikand, som etter Artsdatabankens raudliste er kategorisert som trua artar. Vidare finn vi og nyare registreringar av myrhauk, sjørørre, sivspurv, svartand, havelle, lirype, vipe, brushane og stær som alle er kategorisert som trua, der vipe og myrhauk er vurdert å vere sterkt trua.

Dei fleste fugleartane som er registrert på og ved Hjerkinndammen er trekkfuglar, som anten oppheld seg i sørlegare strøk eller langs kysten av Noreg frå om lag september og fram til isen er gått i april-mai. Lirypa derimot, er standfugl, og oppheld seg i same område heile året så sant det er tilgang på mat. Stæren kan òg overvintre i kulde og snøvær, men vil i dei fleste tilfella trekke sørover. Hekkinga foregår i mai og juni, og fuglane kjem til hekkeplassane kort tid i førevegen.

Lausmassane i planområdet består hovudsakeleg av morenemateriale, som kan innehalde alt frå leire til stein og blokk, samt førekomstar av torv og myr.

#### 4.4 Villrein

Planområdet ligg i nærleiken av dei nasjonale villreinområda *Knutshø*, *Snøhetta* og *Rondane*.




Planområdets lokalisering (raud sirkel) mellom dei nasjonale villreinområda *Snøhetta*, *Knutshø* og *Rondane*.

**Snøhetta villreinområde** ligg vest for planområdet, og omfattar høgfjellsområda kring Sunndalsøra, Oppdal, Dombås og Åndalsnes. Området har eit samla areal på 3345 km<sup>2</sup>, og består i hovudsak av areal med ur, rasmark og blokkhav. Potensielt beiteareal utgjer berre vel halvparten av totalarealet. *Bestandsplan for Snøhetta villreinområde (2019-2023)* har sett som mål at vinterbestanden i perioda 2019-2023 skal aukast til vel 900 dyr vest i området, og haldast på 2200 dyr i aust.


Dei største beiteressursane i området finn ein lengst aust mot Dovreaksen. Kalvingsområdet har ei sentral/nord-nordaustleg lokalisering, men dette har forflytta seg over tid. Dei reine barmarksbeitene i Snøhettaområdet er i hovudsak konsentrert til dei vestlege og nordvestlege områda. Heilårsbeitene er konsentrert til dei sentrale og austlege delane av området.





Oversikt over flokkobservasjonar i vinterperioden i Snøhettaområdet og Knutshøområdet. Planområdet lokalisering synt med blå sirkel. Figuren henta frå rapporten «Villreinen i Snøhetta- og Knutshøområdet (2012).


**Knutshø villreinområde** ligg nord/nordøst for planområdet, og omfattar kommunane Folldal, Alvdal, Tynset, Dovre, Oppdal og Rennebu. Området har eit samla areal på om lag 1776 km<sup>2</sup>. Området grensar mot villreinområde i vest, sør og nordøst, og har store samanhengande fjellvidder. Knutshøområdet har lite uproduktivt areal, med gode vinterbeite og blant dei mektigaste lavmattene som finns i norske villrein fjell. Forvaltninga av området har mål om ein vinterbestand på 1500 dyr.



Utsnittet syner villreinens arealbruk i kalvingsperioda. Henta frå NINA sin rapport «Villreinens arealbruk i Knutshø (2015). Planområdet synt med blå sirkel.

Trekkmønsteret/forflyttinga i Knutshøområdet er rolegare enn i Snøhettaområdet, grunna roleg fjellandskap, avvekslande og rikt beite til alle årstider og korte avstandar innan leveområdet. Barmarksbeita er i hovudsak konsentrert til dei austlege delane av området. Forstringsflokkane oppheld seg i dei sentrale delane av området vinterstid, og har lenge hatt kalvingsland i områda nordaust for Fundin, ein innsjø eit stykke nordaust for Hjerkin. Etter kalving flyttar flokkane seg gradvis vestover mot Vinstradalen/Drivdalen. I sommarmånadene oppheld flokkane seg vest for Unndalen, før dei flyttar mot Fuldalsfjella i juli/august.

Ifylgje NINA sin rapport *Villreinens arealbruk i Knutshø* (2015) grensar området Gåvålia-Hjerkinshø mot det som tidlegare var eit sentralt knutepunkt for villreintrekket mellom Knutshø og Rondane/Snøhetta. Rapporten trekk fram dette området som ein potensielt viktig trekkorridor mot Snøhettaområdet, men at det å reetablere trekk mellom dei i dag fragmenterte villreinområda kan vera eit ambisiøst og langsiktig forvaltningsmål. Hjerkinshø er ikkje brukt av fostringsflokkar, og det er ikkje dokumentert trekk i dette området under arbeid med rapporten.



Utsnittet syner villreinens arealbruk i vintermånadene. Henta frå NINA sin rapport «Villreinens arealbruk i Knutshø (2015). Planområdet synt med blå sirkel.


**Rondane villreinområde** ligg sør for planområdet, og er eit langt og smalt fjellbelte mellom Østerdalen og Gudbrandsdalen, som strekk seg over totalt 11 kommunar frå Dovre i nord til Ringsaker i sør. Alle områda er tilgjengelege for dagsturar, noko som gjer området svært sårbart som villreinterreng, med påverking frå både infrastruktur, fritidsbusetnad og friluftaktivitet. Villreinstamma i Rondane forvaltaast i dag som tre delbestandar, der bestanden *Rondane nord* held til sør for planområdet.

Området har mykje gode vinter- og heilårsbeite, men marginale sommarbeite i nord. Bestandsplanane som har vore utarbeidd dei seinare åra, har hatt som mål å ha ein vinterbestand på om lag 4000 dyr, for å oppretthalde ein stabil bestandsstorleik over tid.



Frå NINA sin rapport *Villrein og ferdsel i Rondane* er Dovreaksen med E6 og jernbanen trekt fram som eit fokusområde, der målet er å reetablere trekk mot Snøhetta og Knutshø. Aksen Dombås-Hjerkin er godt dokumentert som tidlegare viktig trekkområde mellom Snøhettaområdet og Rondane-Knutshø, men i dag er det særst liten/ingen utveksling av rein mellom desse områda som følgje av trafikkårer og infrastruktur. Fokstua, som ligg langs E6 eit stykke sør for planområdet, er trekt fram som sentralt med tanke på å reetablere dette trekket. Det viktigaste tiltaket for å få dette til, er ifylgje rapporten å ikkje legge tyngre, irreversible infrastruktur i dette området, samt sikre at det ikkje utviklast meir trafikk og ferdsle ut i terrenget langs aksa. Eitt av dei viktigaste funna frå rapporten, er at utfordringane Rondane står ovanfor for å oppretthalde ein mest mogleg funksjonell villreinbestand med større grad av utveksling og kontinuitet mellom bestandane i nord og sør, ikkje let seg løyse over natta. Det er etablert ein bruk av landskapet som i dei fleste tilfella vil krevje ein svært langsiktig tidshorisont for å kunne endre.

Reinens rørslemønster i perioda 1. januar-31. mars 2021 er illustrert i figuren nedanfor, henta frå Dyreposisjoner.no. Planområdet er markert med raud sirkel, og syner at reinen i Rondane nord oppheld seg langt søraust for Hjerkin.



Reinens rørsle i perioda 01.01.21-31.03.21. Planområdet synt med blå sirkel.

## 4.5 Landbruk

Tilgrensande planområdet ligg det område med innmarksbeite, som etter DN-handbok 13 er gjeve verdien *svært viktig* naturbeitemark. Hjerkin fjellstue har hestar beitande på innmarka i sommarmånadene.

Kvitdalen beitelag (Folldal) har beiteområde nord/nordøst for planområdet. Vest for planområdet har Jora beitelag (Lesja) beiteområde, og mot sør ligg beiteområde til Einbyggdalen og Hardbakken beitelag (Dovre). Alle beitelag har både sau og storfe på beite.



## 4.6 Friluftsliv

Planområdets lokalisering i nærleiken av Hjerkin fjellstue, fritidsbustader, nokre bustadhus samt E6 og Folldalsvegen, gjer at området har noko ferdsle knytt til friluftsliv og rekreasjon. Bruken av området i friluftssamanheng er vurdert å vere avgrensa, og foregår i hovudsak i sommarhalvåret, med mellom anna guida rideturar i regi av fjellstua. Dammen nyttast til fiske og noko aktivitet med kano/kajakk og robåt. På vestsida av dammen ligg eit område med gapahuk og båtopplagring. Det går nokre turstigar i området aust og sør for planområdet, i tillegg til at det er noko ferdsle knytt til Gamle kongeveg og pilegrimsleden.

Vinterstid nyttast Hjerkinndammen til aktivitet med hest, som til dømes rideturar og treningar. Fjellstua har i samband med Hlynur Islandshestforeining i fleire år arrangert istølt for islandshestar på Hjerkinndammen i månadsskiftet februar/mars. Dette er ifølgje arrangøren Noregs einaste utandørs istølt, og i 2020 arrangerte dei konkurransa for 10. gong, med 60 ekvipasjar påmeldt. Arrangementet samlar mykje publikum, og generer aktivitet også på fjellstua.



#### **4.7 Teknisk infrastruktur**

Planområdet ligg på austsida av E6 og sør/vest for fv. 29 mot Folldal. Tilkomst til Hjerkinndammen er via eksisterande veg på austsida av dammen, frå fv. 29. Det går òg ein køyreveg vest for dammen, som gjev tilkomst til fritidsbustader og dammen.

Eidefoss har ei 22 kV- og ei 66 kV høgspenningelinje som går like nord for planområdet.

#### **4.8 Kulturminne**

Planområdet som fyrst var varsla, omfatta eit større areal enn planområdet som ligg føre i planforslaget. Kulturminnemyndigheitene i fylkeskommunen varla mogleg synfaring i heile planområdet, så framtidige tiltakshavar ikkje valde å redusere området sine storleik. Planområdet vart derfor redusert til berre å gjelde isbana, barmarksløypa samt tilstøtande areal og nausynt vegareal. Planområdet ligg i eit område med fleire automatisk freda kulturminne, og kulturminnemyndigheitene meinte derfor at sjansen for å finne nye kulturminne var til stades, i tillegg til at det var behov synfaring på fangstanlegget sørvest for planområdet.

Kostnadene ved gjennomføring av synfaring i planområdet vart av tiltakshavar vurdert å vere for høge i forhold til potensielle inntekter ved tiltaket, og planområdet vart ytterlegare redusert til berre å gjelde sjølve dammen med tilstøtande areal og nausynt vegareal.

## 5 Skildring av planforslaget

### 5.1 Reguleringsføremål

Arealen er fordelt på dei ulike reguleringsføremåla slik tabellen syner.

Reguleringsføremål	SOSI-kode	Plannemning	Areal totalt (daa)
<b>§ 12-5 nr. 2 – Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur</b>			
Køyreveg - offentlig	2011	o_SKV1	0,2
Køyreveg - privat	2011	SKV1-2	1,4 + 2,7
Annan veggrunn – tekniske anlegg	2018	SVT1	5,6
Parkering	2080	SPA1	1,0
<u>Sum</u>			<u>10,9</u>
<b>§ 12-5 nr. 4 Landbruks-, natur- og friluftsmål samt reindrift</b>			
Friluftsmål	5130	LF1	6,0
<u>Sum</u>			<u>6,0</u>
<b>§ 12-5 nr. 5 – Bruk og vern av sjø og vassdrag</b>			
Kombinert formål i sjø og vassdrag med eller utan tilhøyrande strandsone kombinert med andre oppgitte hovudformål: friluftsområde i sjø og vassdrag kombinert med motorsportanlegg.	6900	VAA1	805
<u>Sum</u>			<u>805</u>
<b>Samla areal</b>			<b><u>822</u></b>

Omsynssoner	SOSI-kode	Plannemning
<b>a.1) sikringssoner</b>		
Frisikt	H140	H140_1-2
<b>a.2) støysoner</b>		
Gul sone (i medhald av T-1442/2016)	H220	H220_1
<b>a.3) faresoner</b>		
Flaumfare	H320	H320_1

## 5.2 Isbane

Formålet regulerer eit friluftsområde i vatn samt motorsportanlegg/isbane på Hjerkinndammen, til bruk i friluftssamheng, til aktivitetar med hest og som øvingsbane for utrykkingskøyretøy, bilklubbar, bilforretningar og private. Tillate areal går fram av plankartet med tilhøyrande reguleringsføresegner, som gjev føringar for kva tid det tillatast aktivitet på isbana. Aktivitet på isbana kan føregå frå og med fyrste måndag i januar og fram til 20. mars, i følgjande tidsrom:

Måndag-torsdag: mellom kl. 09.00 og 17.00.

Fredag: inntil 6 timar, mellom kl. 09.00 og 17.00.

Laurdag: inntil 5 timar per dag, mellom 10.00 og 16.00.

Sundag: mellom kl. 11.00 og 16.00.

Motoriserte ferdsle på isbana skal ikkje føregå på heilagdag, og ikkje etter laurdag før palmesundag. Det tillatast ikkje køyring på isen dei to siste helgene i vinterferievekene.

Brøyting/preparering av isbana er tillate utanom opningstidene angjeve ovanfor, utan om heilagdag.

Det er berre tillate å nytte køyretøy som er registrert for køyring på offentleg veg.

Det skal utarbeidast ei drifts- og bruksinstruks for isbana, som skal godkjennast av kommunen og politiet. Instruksjonen skal mellom anna gjere greie for konkrete tiltak mot forureining, som sikrar at service og fylling av drivstoff skjer på tilvist område og ikkje på eller i nærleiken av isbana, og for å sikre at istjukkels og bereevne kontrollerast før aktivitet på isen går i gang.

Det skal oppnemnast ein driftsansvarleg for isbana, som skal godkjennast av kommunen etter årleg søknad.

Tilkomst til isbana er via eksisterande tilkomstveg til demninga (SKV1), synt i figur under. Tilkomst via SKV2 er tillate ved særskilde høve, omtala i kap. 5.7.





### 5.3 Støy

Sweco har på oppdrag frå tiltakshavar utarbeidd ei støyfagleg utgreiing (vedlegg 3) for motorisert ferdsle på Hjerkinndammen. Støyproduksjonen i området, frå køyring på dammen, er modellert ut i frå oppgjeve aktivitet eller anslått på skjønn ut frå erfaring i andre sakar. Det er gjort konservative val, slik at støyen ikkje skal undervurderast. Berekningsføresetnadene som ligg inne i modellen, skal sikre at ein ikkje bereknar for låge støynivå i forhold til det ein får i ein faktisk situasjon.

Analysa legg til grunn følgande:


- Opningstid inntil 6 timar per dag, mellom kl. 10.00 og 20.00.
- Frå og med fyrste måndag i januar og fram til 25. mars.
- 80 køyretøy per dag.
- Berre tillate for køyretøy registrert for køyring på offentleg veg.

Retningsline for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2016) ligg til grunn for berekningane. Retningslina angjev ei gul og ei raud støysone, der raud støysone er området nærast støykjelda, som ikkje er eigna til støykjensleg bruksføremål. Gul støysone er ei såkalla vurderingssone, der ny busetnad med støykjensleg bruksføremål kan oppførast dersom avbøtande tiltak gjev tilfredsstillande støyforhald.

Bruken av isbana på Hjerkinndammen er vurdert å vera såpass avgrensa at påverknaden i staden for å vera berekna ut i frå gjennomsnittsstøy gjennom døgnet, er berekna ut i frå maksimalstøy.

Kor høyrbar aktiviteten på isbana er avheng av følgande faktorar:

- Type køyretøy.
- Den ordinære trafikken i området (frå offentleg veg).
- Vêrsituasjon.
- Grad av snødekke.



Utsnittet syner utbreiinga til den gule støysona (gul strek), samt plasseringa til dei fire eigedommane som ligg nærast dammen.

Naturlege variasjonar i snøens tilstand og tilhøyrande lyddemping vil innebere stor spreieing i dei lydnivåa ein faktisk vil kunne observere, men dei lydnivåa som ein observerer/måler frå anlegget vil berre unntaksvis vere høgare enn dei som er berekna. Dei høgste maksimalnivåa vil opptre når særleg støyande enkeltkøyretøy køyrer med høg motorbelastning. Slike nivå vil kunne opptre sporadisk. T-1442 gjev at støynivå frå framande kjelder ikkje bør overstige 40 dB i område som er vurdert som *stille område*. Som fylgje av dei trafikkerte vegane i området, kan ikkje områda kring Hjerkinndammen karakteriserast som stille område.

Det er berekna forventa støy for dei fire fritidsbustadene som ligg nærast dammen, synt i figuren over. Aktivitetane vil ifylgje berekningane kunne gje maksimalt lydnivå i området 41-47 dB ved fritidsbustadene. Dei gjennomsnittlege lydnivåa kan koma opp i 36-42 dB dersom det er maks antal tillate køyretøy i aktivitet samstundes.

#### Konklusjon/forventa støy

Berekningar frå rapporten syner at ingen av fritidsbustadene eller anna busetnad blir liggande i gul støyzone (over 60 dB). Sjølv om dei anbefalte grensene er tilfredsstilt, vil støy frå anlegget likevel vere høyrbar ved nabobusetnaden. Dei kraftigaste støyhendingsane vil kunne vere 5-6 dB over det gjennomsnittlege nivået ved fritidsbustadene når det er maks antal køyretøy i aktivitet. Høyrbarheita avheng av kva bilar som er i aktivitet, den ordinære vegtrafikken i området, vørsituasjon og grad av snødekke.

Med lite ordinær vegtrafikk vil det vera låg bakgrunnsstøy i området. Dette inneber at sjølv låge lydnivå frå aktivitetane vil vera hørbare, og kunne oppfattast som sjenerande – alt etter korleis støyen artar seg.

Analysen har lagt til grunn eit «worst case»-scenario basert på oppgeve bruk av isbana sesongen 2020/21. Det vil derfor vera mogleg å redusere støyen, dersom ein avgrensar bruken av isbana. Sweco trekk fram fleire viktige tiltak som kan bidra til å redusere støypåverknaden på omgivnadene:

- Avgrensing av type køyretøy.
- Avgrensing av antal køyretøy tillate samstundes.
- Avgrensing av tid på døgnet og tid på året det er tillate å drive aktivitet.
- Etablering av støyvollar langs traséen.

Reguleringsføresegnene legg klare føringar for å redusere støypåverknaden.

## **5.4 Naturverdiar, viltinteresser og økologiske funksjonar**

Reguleringa av isbana legg ikkje opp til etablering av permanente installasjonar som vil påverke Hjerkinndammen den tid det ikkje er is på dammen. Aktivitet på isbana vil føregå frå starten av januar til om lag slutten av mars. Dei aller fleste av dei registrerte fugleartane i området kjem til hekkeplassane i løpet av april/mai og legg egg i mai/juni. Fuglane forlét dammen for vinteren kring september/oktober. Det vil seie at det i månadene mellom september/oktober og april/mai er lite fugl i og omkring planområdet. Det kan finnast enkelte individ av lirype, med ifylgje Artsdatabanken ser dette ut til å trivjas best lenger nord. Aktiviteten på isbana vil derfor truleg ha liten innverknad på fuglelivet i området.

For å redusere risikoen for at utslepp frå køyretøya skal lekke ut i dammen, er det i føresegnene stilt krav om ei driftsinstruks. Denne skal mellom anna sikre at reparasjonar, oljeskift, fylling av drivstoff og liknande som kan forårsake utslepp, skjer på tilviste plassar utan risiko for ureining av dammen og områda rundt.



Planforslagetets verknader på villreinen er vurdert ut frå dokumentert kunnskap om reinens rørslemønster/arealbruk, opp mot tiltakas omfang og intensitet. Vi har sett på følgande faktorar for å vurdere kva påverknad isbana har på villreinen i området:


- Støyutbreiing frå aktivitet på isen.
- Reinens rørslemønster vinterstid.
- Fostringsflokkanes arealbruk.
- Kalvingsland.

Ifylgje støyutgreiinga for Hjerkinndammen, vil støy frå trailerar, andre tunge køyretøy og snøscooterar kunne vere høyrbar i avstandar inntil 1,5-2 km, dersom mottakarområdet ligg høgt i terrenget. NINA sine kartleggingar av reinens rørslemønster kring Hjerkinnsyner at det er lite rein som oppheld seg kring Hjerkinndammen i dei månadene det er aktivitet på isen. Villreinen i Knutshøområdet oppheld seg sentralt og nord i området, og reinen i Rondane nord oppheld seg langt søraust. For reinen i Snøhettaområdet syner registreringar at noko rein oppheld seg aust i området, nært Hjerkinns og etablert infrastruktur. Det er derfor ein risiko for at aktivitet på isbana vil bidra til å lede noko rein i Snøhettaområdet lengre vest, sjølv om kartlegging av reinen syner at reinen i hovudsak oppheld seg i avstand frå den etablerte infrastrukturen.

Villreinen kalvar i mai, altså utanfor den perioda det er aktivitet på isen.


## 5.5 Friluftsliv, rekreasjon og barn og unges interesser

Aktivitet knytt til friluftsliv og rekreasjon i og tilgrensande planområdet er avgrensa, og foregår i stor grad i form av aktivitet i regi av fjellstua, ferdslø på Kongevegen og Pilegrimsleden samt noko fiske og aktivitet med kano/kajakk og robåt. Denne aktiviteten foregår i hovudsak i sommarmånadene, og vil derfor ikkje bli påverka av aktiviteten på isbana.



Utsnitt frå UT.no syner turstigjar kring planområdet (hovudsakeleg Kongevegen og Pilegrimsleden, samt ein stig som går austover mot Follidal). Planområdet markert med gult.

DNT si digitale kartteneste UT, syner at det går skiløyper nord og sør for planområdet. Disse ligg såpass nære dammen av lyden frå isbana vil vere høyrbar på store deler av løypenettet.



*Utsnittet er henta frå UT.no. Blå strekar syner skiløyper i planområdet.*


Planområdet har ikkje tilretteleggingar for aktivitet for barn og unge i dag, men nyttast i nokon grad til fiske og båttaktivitetar på Hjerkinndammen, samt rideturar i regi av fjellstua. Aktiviteten på isbana opnar for at ungdom kan øve på glattkøyring under kontrollerte tilhøve, noko som kan bidra til at unge trafikantar ferdast tryggare i trafikken.

## **5.6 Landbruk**

Tiltaka som planen opnar for vil føregå i vintermånadene, og det er derfor vurdert at planen ikkje vil ha innverknad på landbruk i områda kring planområdet.

## 5.7 Trafikkforhold

Tilkomst til planområdet skal skje via eksisterende veg nordaust for dammen, frå fylkesveg 29.



Utsnitt frå plankartet syner eksisterande kryss mellom tilkomstveg til dammen/isbana og fylkesveg 29.



Eksisterande avkøyrsløse frå fv. 29 mot Hjerkinndammen, sett i retning Folldal. Utsnitt frå Google maps.

Eksisterande køyreveg i vest (SKV2) regulerast i samsvar med dagens situasjon, og skal i hovudsak fungere som tilkomst til område som nyttast til båtopplag/båtutsett og gapahuk. SKV2 skal som hovudregel ikkje fungere som tilkomst til isbana, men tillatast nytta i særskilte høve, som t.d. dersom vêr, føre eller andre ikkje-forutsette hendingar gjer at tilkomst via SKV1 ikkje er aktuelt.

## 5.8 Naturfarer

Flaumfaresona som er regulert i plankartet er basert på NVE sine aktsemdområder for flaum. Denne sona indikerer område der det potensielt kan vere fare for flaum. Plankartet syner at ein potensiell flaum kan råke deler av tilkomstvegen i vest. Dette er ein smal, gruslagt veg, som i hovudsak gjev tilkomst til båtopplagringsplass på vestsida av dammen, samt til nokre fritidsbustader. Det er derfor knytt lite trafikk til denne veggen, og det er ikkje bygningar eller andre installasjonar innanfor sona som i særleg grad vil råkast ved ein eventuell flaum.

## 5.9 Verknader for lokalsamfunnet og lokalt næringsliv

Isbana på Hjerkinntjønn vart starta opp som eit tiltak for å kunne mogleggjere heilårsdrift av fjellstua. Vintermånadene på Hjerkinntjønn er rolege, trass i fjellstuas lokalisering tett på både E6, Dovrebana og Follaldsvegen, som alle er vinteropne. I sommarmånadene er fjellstua eit populært reisemål, som tilbyr både overnatting og matsservering for reisande og fjellturistar. Dei har i tillegg bygd opp eit stort senter for hesteriding, og tilbyr guida rideturar i nærområdet.

Isbana har no blitt eit populært tilbod i vintersesongen, som i tillegg til å styrke fjellstuas næringsgrunnlag, er ein viktig treningsarena for mellom anna naudetatane og lokal ungdom. Det har stor verdi, både lokalt og nasjonalt, å kunne tilby arenaer for øvingskøyring på is- og snødekke, ved at det befolkningas køyreferdigheiter styrkast. Det er få slike tilbod i regionen, og bruksfrekvensen på isbana dei siste åra syner at det er eit behov.

Kommuneplanens samfunnsdel (2012-2022) trekk fram vidareutvikling av Dovreskogen, Dovre, Dombås og Hjerkinntjønn som viktige vegval for å sikre Dovre som ei levande bygd med liv og røre i grendene. Hjerkinntjønn har vore ei viktig grend i kommunen i fleire tiår, og har, som følgje av plassering nær infrastruktur og store fjellområde, eit stort potensiale for vidare utvikling.

Kommuneplanens samfunnsdel trekk og fram eit mål om å oppretthalde ei streng praktisering av regelverket knytt til motorferdsle i utmark, og at utarbeiding av ein reguleringsplan for isbane på Hjerkinntjønn er eit viktig vegval for å oppnå dette.

## 6 Risiko og sårbarheit

Det er utarbeidd ei risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) for detaljreguleringa av Hjerkinndammen (vedlegg 2). Analysen er basert på DSB sin rettleiar *Samfunnssikkerhet i kommunens arealplanlegging* (2017), og har som formål å avdekke moglege uønska hendingar i eller i tilknytning til planområdet. Vurderte risikoforhald er vidare analysert med utdjuping av årsak, samt ei vurdering av sannsyn for og konsekvens av den uønska hendinga. Til sist er det føreslått tiltak og oppfølging i reguleringsplanen, med vurdering av risiko før og etter tiltak.

RISIKO – før og etter tiltak			
Uønska hending	Risiko utan tiltak	Risiko etter tiltak	Kommentar/tiltak
35. Ulykke i samband med aktivitet på isbana: køretøy går gjennom isen.	6	3	Driftsinstruksen skal sikre at det oppnemnst ein driftsansvarleg, som skal sørge for at opparbeidinga av isbana, kontroll av isens bereevne og gjennomføring av aktiviteten føregår på forslag og sikker måte, slik at det ikkje er fare for liv og helse i samband med aktivitet på isbana.

Figuren er henta frå ROS-analysen for Hjerkinndammen (vedlegg 2).